

Har starta musikkøvingar til 17.mai.

02.05.2020



Gunnvald Friheim, Audun Eik og Knut Steinsletten under øvinga i Strandstova.

Veteranane i Uskedal musikklag hadde 1.mai si første øving med tanke på den førestående 17.mai-feiringa. Øvinga var sjølvstøtt spesiell på grunn av Korona-situasjonen. Smittevernreglar må overhaldast, og dessutan merkast ei 7 vekers pause godt på den ivrige gjengen som til og med har hatt øvingar i sommarferien dei seinare åra.



Kristian Bringedal overrekkjer nyvaska stol til Ståle Eik. Leif Matre og Knut Steinsletten har fått sine stolar.

Oppmøtet var ved Gamleskulen der Kristian Bringedal vaska klappstolar og overrekte ein stol til kvar musikar. For at musikarane skal bruka same stol på kvar samling, skal dei ha denne med i bilen til etter 17.mai.

Derfrå gjekk turen til Strandstova til Uskedal båtlag som vert øvingsbase. Det var først planen at øvingane skulle vera utandørs, men då strandstova for tida er avlåst for all annan aktivitet, er dette eit godt eigna lokale med stort nok areal. Her plasserte musikarane seg i rikeleg avstand frå kvarandre, og vi skal ikkje leggja skjul på at her var det små 'spritflasker' på lomma. Veret framover vil nok bestemta om øvingane vert innandørs eller ute.

Hovudfokuset var sjølvstøtt øving på songar og marsjar til 17.mai, og det merkast nok på samspelet at det var stor avstand mellom kvar musikar, og at veteranane hadde hatt ein uvanleg lang pause. Likevel er dei nok i rute slik at 17.mai-musikken er sikra i Uskedalen. Bandet skal spela ved markeringa ved Bautasteinen. På Stemneplassen skal skulemusikken syta for nasjonaltonane. Dei har hatt digitale øvingar til no, og har, etter det vi kjenner til, planar om å møtast fysisk til øving komande veke.

Musikklaget set stor pris på den positive måten vi vart møtt på av Gunn Mari Moberg i Uskedal Utvikling ved spørsmål om lån av stolar, av Kristian Bringedal for klargjering av stolar og Hans Gustav Mussland i Uskedal båtlag om lån av Strandstova. Ja-svaret kom veldig kjapt hos alle tre.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.